Austrheim
KOMMUNE

Plan, bygg, oppmåling og miljø

Roald Hjertås
Skoteneset 1
5943 AUSTRHEIM

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Christopher Marius Straumøy | 07.12.2022 |
| Vår: 20/4324 - 22/9540 | christopher.marius.straumoy@austrheim.kommune.no | |

# Svar på Søknad om ferdigattest - gbnr 147/70 - Skotneset - naust

**Vedtak:**

**I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, vert det gjeve ferdigattest for naust på gbnr. 147/70.**

**Saksutgreiing:**

Det var gjeve løyve til naust og kaifront etter søknad i tråd med reguleringsplan den 21.07.2020.

Dei kontrollansvarlege for utføringa har ordna med sluttkontroll og avsluttande gjennomgang av kontrolldokumentasjonen for det ferdige arbeidet. Gjennom dette har dei kontrollansvarlege stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at byggearbeidet er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve (jf. pbl. § 20-1).

***Klage:***

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Christopher Marius Straumøy
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Roald Hjertås | Skoteneset 1 | 5943 | AUSTRHEIM |